



Nordhordland Utvikling DA  
Lureveien 850  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/4254 - 14/16146

Saksbehandlar:  
Harald Solheim  
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:  
01.07.2014

## Vedtak om seksjonering - gbnr 196/146 - Midtgardshøgda 1 ABCD, 3 ABCD, 5 AB, 7 AB, 9 ABCD - Midtgard

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Vi viser til dykker søknad om seksjonering, motteken 09.05.2014 og vedlagt dokumentasjon:**

- Situasjonsplan i målestokk 1 : 1000 og 1 : 500
- Teikningar i målestokk 1 : 100
- Vedtekter for sameige gbnr 196/146 Midtgardshøgda 1 ABCD, 3 ABCD, 5 AB, 7 AB, 9 ABCD – Midtgard
- Kravmål om oppdatering av eigarseksjonar

**Saksutgreiing :**

Søknaden om eigarseksjonar er kontrollert og vilkåra for seksjonering etter eigarseksjonslova § 6 er oppfylt.

Søknaden gjeld seksjonering av eigedomen gbnr 196/146 – Midtgardshøgda 1 ABCD, 3 ABCD, 5 AB, 7 AB og 9 ABCD – Midtgard som består av 16 bueiningar, seksjon 1 – 16..

Den enkelte seksjonseigar er eigar av ein ideell andel av eigedomen i høve sameigebroken sin og har bruksrett til sameiga sitt fellesanlegg. Seksjonen sin sameigebrok byggjer på seksjonen sin innbyrdes verdi.

Det er fastsett gebyr i medhald av lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 7, femte ledd – 3 x rettsgebyr 860,- kr = 2.580,- + tinglysing av seksjonering kr 525,-.

### TINGLYSING AV SEKSJONERINGSVEDTAKET.



Når klagefristen er ute – eller når eventuelle klager er forkasta – skal kommunen av eige tiltak føra seksjonane inn i matrikkelen jf. matrikkellova § 11 første ledd.

Deretter skal det sendast naudsynt dokumentasjon til tinglysing, dvs. slik dokumentasjon som trengs for at det kan oppretta eige grunnboksblad med eige seksjonsnummer for kvar seksjon. Det er først ved tinglysing at seksjonssameiget vert etablert, jf. matrikkellova § 5, som også inneber at fram til tinglysing kan rekvenrenten trekka kravmålet tilbake.

Er talet seksjonar 8 eller færre er det frivillig om sameige ønskjer å registrera seg hjå føretaksregisteret. Dersom talet seksjonar er 9 eller fleire må styret i sameiget senda beskjed til føretaksregisteret jf. matrikkellova § 11. Lindås kommune står ikkje ansvarleg for dette.

#### **VEDTAK:**

I medhald av Lov om eigarseksjonar § 9 vert søknaden om seksjonering godkjent på grunnlag av situasjonsplan og teikningar for sameiget på gbnr 196/146 - Midtgardshøgda 1 ABCD, 3 ABCD, 5 AB, 7 AB, 9 ABCD – Midtgard datert 30.06.2014.

Seksjoneringa er i tråd med kommunen sitt planverk og følgjer matrikkelforskrifta § 8 som gjeld melding til tinglysing.

Ulovlighetar eller manglar etter plan- og bygningslova blir ikkje lovlege etter løyve til seksjonering etter lov om eigarseksjonar. Løyve til seksjonering kan ikkje likestilla med mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Kommunen vil gjera merksam på:  
Matrikkellova § 20 gjeld i høve til vedlikehald.

Den enkelte sameigar skal holda brukseininga forsvarleg ved like slik at det ikkje oppstår skade eller ulempe for dei andre sameigarane. Fellesareal skal holdast forsvarleg vedlike. Med tilslutning frå dei sameigarane det gjelder, kan det i vedtekten fastsetjast at eigarane av bestemte seksjonar skal ha plikt til å holda delar av fellesarealet vedlike.

Når det gjeld installasjoner m.m. gjeld matrikkellova § 21:  
Ledningar, rør og liknande nødvendige installasjoner kan førast gjennom brukseininga dersom det ikkje er til vesentleg ulempe for sameigaren. Sameigaren skal gje adgang til brukseininga for nødvendig ettersyn og vedlikehald av installasjonane.

Ein sameigar kan med styrets godkjenning gjennomføra tiltak på fellesareala som er nødvendige på grunn av sameigaren eller husstandsmedlemmens nedsatte funksjonsevne. Godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Tildeling av bustadseksjonane sine gatenummer skal vera i samsvar med rettleiing frå Kartverket av 03.11.2003.

#### **Klage:**

Kommunens seksjoneringsvedtak kan påklagast til departementet jf. § 10 i matrikkellova. Departementet kan delegera mynde til Fylkesmannen. Avslag på søknad om seksjonering med heimel i § 8 første ledd kan likevel ikke påklagast.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga(vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast og stilast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til Lindås kommune, areal- og miljø, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ.

Med helsing

For

Tor Hegle  
Einingsleiar areal- og miljøeininger

Harald Solheim  
Konsulent geodata

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*